

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 29/2007

Møtedato: 9.5.07

Arkiv nr: S 754

S 754, Føsseistøl - søknad om tilleggsjord til inngjerda beite

Geir Kåre Opheim søker om å få vist ut ca 240 daa inntil stølen. Arealet går frå stølen til Opheim, langs arealet til FBR, ned til Veslevatnet, langs tilleggsjord F 990 tilhøyrande Svein Olav Ringen og tilbake til stølen. Arealet skal ikkje dyrkast opp, men ryddast og gjødslast.

Opheim driv med mjølkeproduksjon på stølen og har samla ein besetning på 50-60 storfe.

Utvisning av tilleggsjord er regulert i §§ 5 og 6 stølsforskrifta:

§ 5 Om planar for utvising og utleige av tilleggsjord

"Utvising eller bortleige av tilleggsjord skal i størst mogeleg utstrekning skje etter planar utarbeide for større samanhengande område, eller i tilknytning til eksisterande seter eller tilleggsjord.

Formålet med planarbeidet skal vere å finna fram til område som kan omdisponerast til tilleggsjord. I planarbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk av jorda som til dømes vilt og jakt, friluftsliv, landskapsvern, miljø og eventuelle andre omsyn.

Planane skal utarbeidast av Statskog i samarbeid med fjellstyret og kommunen, og skal leggjast fram for fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, regional kulturminneforvaltning og eventuelt allmeningsstyret og områdestyret for reindriftsområde etter reindriftslova, til fråsegn."

§ 6 Om vilkår for utvising av tilleggsjord og saksførehaving

"Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller kulturbeite, og eventuelt inngjerding, jfr. § 19 første stykket i fjellova.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal Statskog leggja fram for kommunen, fjellstyret og eventuelt allmeningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding, til beitebruk, skal kommunen gje fråsegn om dei forholda som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret si fråsegn vert kunngjort. Vert det protestert mot utvisinga, handsamar fjellstyret saka på nytt. Endrar fjellstyret fråsegna, skal det gjerast kjent ved ny kunngjering.

Statskog gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett.

Er det usemje mellom fjellstyret og Statskog, skal saka leggjast fram for Statskog Hovedkontoret som gjer vedtak.

Setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn.

Statskog skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga."

Vedtak:

Fjellstyret utsett saka til befaring den 15. juni.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.5.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Geir Kåre Opheim
Statskog